



Frivillig arbeid

Sikkerhetsføresegnene i arbeidsmiljølova er med på å sikre eit trygt arbeidsmiljø for frivillige. Arrangørar av frivillig arbeid har difor eit ansvar for helsa og sikkerheita til dei frivillige.

Kvart år blir mange tusen årsverk i frivillig arbeid lagde ned i Noreg. [Tal frå Frivillighet Norge viser at halvparten av befolkninga deltar i frivillig arbeid \(frivillighetnorge.no\)](#). Noko av dette arbeidet blir utført på arenaer der dei frivillige blir utsette for risiko. Men kven har ansvaret for sikkerheita til dei frivillige?

Sikkerhetsføresegnene i arbeidsmiljølova er med på å sikre eit trygt arbeidsmiljø også for frivillige. Som arrangør av frivillig arbeid må du rekne med at du har eit ansvar for helsa, miljøet og sikkerheita til dei frivillige.

Kva er frivillig arbeid?

Frivillig arbeid er arbeid der ein ikkje er i eit ordinært tilsettingsforhold og ein ikkje mottar ordinær lønn. Det kan vere vanleg at ein som frivillig får andre gode enn lønn, for eksempel mat, drikke og tilgang til ulike arrangement.

Arbeidet er ofte kjenneteikna av at det blir utført i ein kortare tidsperiode. I ein del tilfelle, som til dømes festivalar, er arrangøren ofte ein profesjonell arbeidsgivar med eigne faste tilsette. I tillegg blir frivillige ofte brukte til å utføre oppgåver i ein arbeidsintens periode. Dei frivillige er av og til unge personar, og dei har ikkje alltid erfaring med oppgåvene dei skal utføre.

Eksempel på frivillig arbeid

Eksempel på frivillig arbeid er arbeid

- på festivalar eller stevne
- på arrangement i regi av idrettslag eller ideelle og kulturelle organisasjonar
- med organisasjonar med eit samfunnsnyttig føremål, som for eksempel Norges Røde Kors eller idrettslag

Eksempel på oppgåver på festivalar og stevne

På festivalar eller stevne kan dei frivillige sine oppgåver vere å

- frakte utstyr
- rigge utstyr opp og ned, for eksempel scener, tribunar, baneutstyr og liknande
- sette opp telt, gjerde og liknande
- oppbevare mat og drikke
- grille, steike og lage mat på andre måtar
- servere mat og drikke, under dette alkohol
- selje billettar
- halde vakt
- styre parkering

Blir frivillige rekna som arbeidstakarar?

Frivillige blir vanlegvis ikkje rekna som arbeidstakarar, men det finst unntak.

Ein arrangør kan bli sett på som arbeidsgivar for frivillige når det gjeld føresegner i arbeidsmiljølova som skal verne om helsa, miljøet og sikkerheita til arbeidstakarane. Om ein kan legge eit slikt ansvar på arrangøren, kjem an på ei konkret heilskapsvurdering der faren ved det aktuelle arbeidet er eit sentralt moment. Ei slik vurdering bør ein alltid gjere når ein bruker frivillige.

I organisasjonar eller verksemdar med egne tilsette kan arbeidsgivaren i alle tilfelle ha eit ansvar for sikkerheita til dei frivillige. Arbeidsgivaransvaret blir supplert i § 2-2 i arbeidsmiljølova, som seier at arbeidsgivaren har eit samordningsansvar som pålegg arbeidsgivaren å sørge for at også andre enn egne arbeidstakarar er sikra eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø.

Kva for plikter har arbeidsgivaren når han bruker frivillige?

Hovudregelen for alle typar frivillig arbeid er at arbeidsgivaren har ansvaret for å førebygge at ulykker skjer. Arbeidsgivaren skal gjennomføre systematiske tiltak for å sikre at aktivitetane til verksemda blir planlagde, organiserte, utførte og vedlikehaldne i samsvar med krava i arbeidsmiljølova.

Ei risikovurdering vil vere eit viktig steg i arbeidet med å førebygge uønskte hendingar. Vurderinga treng ikkje å vere komplisert. Kort sagt går ei risikovurdering ut på å kartlegge kva for farar som kan oppstå, kva som kan skje, og kor sannsynleg det er at det skjer. Neste trinn blir så å finne ut korleis ein kan forhindre hendingane, og kva ein gjer viss dei likevel skjer.

[Les meir om risikovurdering](#)

Hugseliste for arbeidsgivaren

- Du har ansvaret for å førebygge ulykker.
- Kartlegg arbeidsoperasjonar, vurder risiko og gjennomfør tiltak.
- Vurder kva for opplæring som er nødvendig og gjennomfør denne.
- Vurder om arbeidstida er slik at sikkerheita er tatt hand om.
- Ta særleg omsyn til unge arbeidstakarar.

Eigne reglar for barn og ungdom

Mye frivillig arbeid blir utført av barn og unge. Unge arbeidstakarar er meir utsette for skadar og ulykker i arbeidslivet. Det finst reguleringar av arbeidstid og arbeidsoppgåver for unge arbeidstakarar.

[Les meir om barn og ungdom i arbeid](#)

Når personar under 18 år skal arbeide, skal arbeidsgivaren vurdere risikoen dei blir utsette for. Arbeidsgivaren skal så sette i verk nødvendige tiltak for å ha hand om sikkerheita, helsa og utviklinga deira. Ein skal ta omsyn til at dei har manglande arbeidserfaring, at dei ikkje er merksame på eksisterande og potensiell risiko, og at dei enno ikkje er fullt utvikla.

Alle har krav på skikkeleg opplæring i jobben. Det gjeld både korleis sjølve arbeidet skal gjerast, og kva for spesielle reglar ein må følge av omsyn til sikkerheit og helse. Det er spesielt viktig at opplæringskravet blir følgt overfor ungdom, fordi dei er dårlegare utrusta til å vurdere risiko.

Meir informasjon

Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap (DSB) har laga ein veileder om tryggleik ved store arrangementer: [Rettleiing for tryggleik ved store arrangement \(dsb.no\)](https://www.dsb.no/tryggleik/tryggleik-ved-store-arrangementer)
